

Saksprotokoll i Klagenemnda - 20.10.2020

Stig Morten Fløiland (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Klagenemnda vil gi klager medhold i klagen og gir klager tilgang til ein mellombels anleggsveg til opparbeiding av tomt i forbindelse med utkjøring av masser knytt til etablering av nytt sykehjem i Bergen/Åsane/Hesthaugen. Ber om at skiltingen blir tydelig i gjeldende område/utkjøring.»

Avrøysting

Fløiland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart ikkje røysta over.

Vedtak

Klagenemnda vil gi klagar medhald i klaga og gir klagar tilgang til ein mellombels anleggsveg til opparbeiding av tomt i samband med utkøring av masser knytt til etablering av nytt sjukeheim i Bergen/Åsane/Hesthaugen. Ber om at skiltinga vert tydeleg i gjeldande område/utkøring.